



LÆRDAL KOMMUNE


KOMMUNEPLAN

1991 - 2002

AREALDEL

Vedteken i kommunestyret 04.12.91 - sak 081/91, jf.sak 122/92 og 009/93

Planen er ajourført i samsvar med seinare vedtekne reguleringsplanar m.v.
og i samsvar med reguleringa av kommunegrensene.
Ajourføringsdato 30.03.95



22 MAR 1995
4690 142

KOMMUNEPLAN LÆRDAL

AREALDEL FOR PERIODEN TIL OG MED ÅR 2002

Vedteken i kommunestyret 04.12.91 - sak 081/91, jf. og sak 122/92 og 009/93
Planen er ajourført i samsvar med seinare vedtekne reguleringsplanar m.v. og i samsvar med reguleringa av kommunegrensene. Ajourføringsdato 30.03.95

INNHALD:

FØREORD	s.2
1.0 GENERELT OM KOMMUNEPLANLEGGING	s.3
2.0 KOMMUNEPLANPROSESSEN I LÆRDAL	s.4
3.0 AREALBRUK	s.6
3.1 Hovudproblemstillingar og hovudprinsipp	s. 6
3.2 Orientering om plankart, føresegner og juridisk verknad	s. 8
3.3 Oversiktskartet (heile kommunen)	s.10
3.4 Kommunedelplan Steinklepp	s.13
3.5 Kommunedelplan Ljøsne	s.15
3.6 Kommunedelplan Tønjum	s.16
3.7 Kommunedelplan Lærdalsøyri	s.17
3.8 Kommunedelplan Erdal	s.23
3.9 Kommunedelplan Sluppen	s.24
3.10 Kommunedelplan Sælto - Stavkyrkja	s.25
4.0 RETNINGSLINER FOR SPREIDD UTBYGGING I LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE	s.27
5.0 UTFYLLANDE FØRESEGNAR TIL PLANKARTA	s.28
<u>Oversyn over reguleringsplanar godkjende etter 04.12.91</u>	s.30

Plankart: - sist reviderte 30.03.95

Oversiktskart 1:50 000, teikn. 264.06
Kommunedelplan Steinklepp 1:5000, teikn. 264.01
Kommunedelplan Ljøsne 1:5000, teikn. 264.04
Kommunedelplan Tønjum 1:5000, teikn. 264.03
Kommunedelplan Lærdalsøyri 1:5000, teikn. 264.02
Kommunedelplan Erdal 1:5000, teikn. 264.07
Kommunedelplan Sluppen 1:5000, teikn. 264.05
Kommunedelplan Sælto - Stavkyrkja 1:5000, teikn. 264.08

Rapport - ikkje vedlagd:

SÆLTO - STAVKYRKJA - kulturhistorisk område, dags.16.04.91

FØREORD

Arbeidet med kommuneplanen tok til hausten 1988 med bakgrunn i den tidlegare generalplanen og dei nye krava i plan- og bygningslova. Det vart sett ned ei eiga gruppe som hadde ansvar for arbeidet.

Planen er delt i tre separate dokument:

- Langsiktige mål og retningslinjer
- Arealdel (dette dokumentet)
- Kortsiktig del (Handlingsprogram - økonomiplan)

I sak 97, 31.08.89, vedtok kommunestyret planen sin del om langsiktige mål og retningslinjer medan kortsiktig del vil bli ivareteken gjennom dei årlege rulleringane av kommunen sin økonomiplan.

Utkast til arealdel, dagsett mai 1990 var ute til førebels høyring våren/sommaren -90 med offentleg ettersyn og kontakt med instansar som kunne ha interesse i planarbeidet.

Etter politisk handsaming vart planutkastet revidert og var så ute til offentleg ettersyn etter reglane i plan og bygningslova.

Arealdelen vart vedteken i kommunestyret i sak 081/91, 04.12.91.

Vedtaket vart seinare supplert med vedtak i sak 122/92 om traseval for E68 på Steinklepp og i sak 009/93 vedk. massetak i Mosoddane. Bakgrunnen for at desse punkta måtte takast opp på nytt, var motsegner frå m.a. Fylkesmannen.

Etter dette låg det ikkje lenger føre motsegner til planen, og kommunestyret si eigengodkjenning stod ved lag.

Planen er no ajourført ut frå kommunestyret sine vedtak, og i tillegg er han endra i samsvar med reguleringsplanar som er vedteke etter at kommunestyret vedtok arealdelen. Planen er også ajourført i samsvar med vedtak kring stamvegen Oslo - Bergen.

Vidare er planen ajourført i samsvar med utbygging som er utført pr. i dag.

Frå 01.01.92 vart Frønningen ein del av Lærdal kommune. Leikanger kommune sitt kommuneplanvedtak om arealbruken vil framleis gjelda, og denne utgåva av arealdel for Lærdal er justert i samsvar med dette.

Planen er sist ajourført i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 0023/95.

Lærdal 30.03.95

Lasse Sælthun
- rådmann -

Johan Grøttebø
- tekn.sjef -

Ein kommuneplan omfattar heile kommunen og tilsvarar generalplan etter bygningslova av 1965.

Lovgrunnlag

I 1986 vart det innført ny plan- og bygningslov som m.a.inneber at plantypen no skal heita kommuneplan. Lova fastset og nokre endringar i innhald og rettsverknad for plantypen.

Innhald

Ein kommuneplan skal omfatta ein langsiktig del og ein kortsiktig del (handlingsprogram). Planen skal i utgangspunktet gjelda den totale verksemda både for kommunen som samfunn og som organisasjon.

Kortsiktig

Den kortsiktige delen skal vera eit samordna handlingsprogram for sektorane si verksemd dei næraste åra.

Det er naturleg at den kortsiktige delen (handlingsprogram) omfattar økonomiplanen og dermed har ein planperiode på 4 år og årleg revisjon (rulling).

Langsiktig

Den langsiktige delen skal omfatta mål for utviklinga i kommunen og retningsliner for sektorane si planlegging. I denne delen skal også hovudtrekka i arealbruken fastleggjast.

Den langsiktige delen skal etter lova vurderast av kommunestyret og evt. reviderast minst ein gong i kvar valperiode. Det er vanleg med ein planperiode på 12 år.

Verknad

Kommuneplanen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen. Arealdelen bind t.d. arealbruken i kommunen juridisk, jf. kapittel 3.2.3 nedanfor.

Revisjon

Kommuneplanarbeidet skal ikkje vera eit eingongsføretak. Minst ein gong i kvar valperiode skal kommunestyret vurdere kommuneplanen samla og mellom anna avgjera om det er naudsynt å endra han.

2.1 DOKUMENTSTRUKTUR, PLANPERIODE OG REVISJON

Som det går fram ovafor, skal planen etter lova omfatta ein langsiktig og ein kortsiktig del.

Dokumentstruktur Kommuneplanen for Lærdal er delt i tre separate dokument:

- Langsiktige mål og retningslinjer
- Arealdel (dette dokumentet)
- Kortsiktig del (Handlingsprogram)

Dette vil vera ei fleksibel ordning m.a. med tanke på revisjon av deler av planen.

Planperiode Langsiktige mål/retningslinjer og arealdel skal ha planperiode 12 år. Perioden for arealdelen vart dermed 1991 - 2002.

Handlingsprogrammet (økonomiplan) skal ha planperiode 4 år.

Revisjon Den langsiktige delen inkl. arealdel skal vurderast minst kvart 4. år med tanke på eventuell revisjon. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

2.2 OVERSYN OVER PLANARBEIDET

Generalplan Generalplanen for Lærdal kommune galdt perioden 1979 - 87.

Ny lov - ny plan Både på grunn av ny plan- og bygningslov og sidan gjeldande generalplan var forelda, vart kommuneplanarbeidet starta hausten 1988 - i første omgang arbeidet med arealdelen.

Planinnspel Instansar på fylkesnivå vart kontakta og bedne om å koma med sine krav til og synspunkt på planarbeidet. Planarbeidet vart samstundes gjort kjent gjennom avisene, og det vart oppfordra til å koma med synspunkt, idear og spørsmål.

Samla prosess Seinare vart det vedteke at heile kommuneplanen skulle utarbeidast i ein prosess, og i sak 64/89 vedtok formannskapet plan/opplegg for arbeidet.

Ansvarleg for arbeidet var ei arbeidsgruppe med følgjande medlemmer:

Arbeidsgruppe Knut Hegg, Hans A. Tønjum (vara)
Knut O. Aarethun, Gerd Berit Tønjum (vara)
Lasse Sælthun, Johan Grøttebø, Oddmund Bøe,
Rolf Jerving og seinare Kjell Helleland.
På arbeidsgruppa sine møte i 1990 og 1991 deltok ordføraren.
ISIS vart trekt inn som konsulent.

Problemnotat	Det vart som første steg utarbeidd problemnotat for ymse område, m.a. for dei kommunale etatane. Problemnotat er kortfatta oversyn over situasjonen i dag og mogleg/ynskjeleg framtidig utvikling.
Idedugnad	På bakgrunn av dette materialet vart det 10.05.89 halde ein idedugnad der kommunestyret og administrasjonen deltok. Materialet frå idedugnaden ligg føre i ein eigen rapport.
Folkemøte	Med utgangspunkt i idedugnaden vart det i juni -89 halde folkemøte på Øyri, Ljøsne og Steinklepp. Det vart orientert om arbeidet og opna for innspel. Synspunkta frå folkemøta ligg føre som referat i stikkords-form.
Langsiktige mål og retn.liner	På bakgrunn av materialet som er nemnt ovanfor, <u>vedtok</u> kommunestyret i sak 97 - 31.08.89 <u>langsiktige mål og retningslinjer</u> som m.a. la dei meir overordna premissane for arbeidet med arealdelen.
Satsingsområde	I langsiktige mål/retningslinjer vart det og peikt ut satsingsområde som det skulle arbeidast vidare med. Det vart utarbeidd fleire rapportar om desse.
Sektorbidrag	Dei kommunale sektorane utarbeider kvart år sektorbidrag til handlingsprogrammet (økonomiplan), og dette er også dokument som gjev innspel til arbeidet med dei langsiktige delene av kommuneplanen.
Førebels høyring	Arealplanutkastet av mai 1990 vart lagt ut til førebels høyring med offentleg ettersyn og oversending til instansar med interesse i planarbeidet. Det vart sett frist for å koma med merknader/innspel.
Off. ettersyn	Med bakgrunn i utkast av mai-90 og den førebels høyringa, vart det utarbeidd eit endeleg framlegg til kommuneplanen sin arealdel. Dette var ute til offentleg ettersyn våren 1991.
Motsegner	Fylkesmannen varsla motsegn vedkomande traseval for E68 på Steinklepp (konflikt med våtmarksområde) og grustak Mosoddane (krav om reguleringsplan).
Planvedtak	Etter gjennomgang og vurdering av dei innkomne merknadene m.v., vedtok kommunestyret i desember 1991 (sak 081/91) arealdelen. Det vart gjort supplerande vedtak i sakene 122/92 og 009/93 og motsegnspunkta er dermed rydda bort. Kommunestyret sine vedtak er no innarbeidde i planen.
Revisjon - Frønningen	Frå 01.01.92 vart Frønningen ein del av Lærdal kommune. Frønningen gjekk inn i vedteken arealdel av kommuneplan (Leikanger), som framleis vil gjelda for Frønningen etter grenseendringa. Denne planen er ajourført i samsvar med dette.
Ajourføring	Dette plandokumentet er elles ajourført i samsvar med reguleringsplanar som er vedtekne etter at arealdelen vart lagd ut til off. ettersyn. Dei vedtekne planane er lagde inn på plankarta, og det er gjort andre endringar som logisk følgje av planvedtak og faktisk utbygging. T.d. inneber dette at stamvegtraseane i Erdal/Sluppen er tekne ut.

3.1 HOVUDPROBLEMSTILLINGAR OG HOVUDPRINSIPP

3.1.1 Bakgrunn

Noverande arealbruk Det vart teke utgangspunkt i den eksisterande arealbruken og i eksisterande planar som reguleringsplanar, disposisjonsplanar (for hytter) m.v.

Planinnspel, idedugnad

folkemøte m.v. Innspel frå fylkeskommunale og statlege organ og sameleis problemnotata frå kommunale etatar og andre galdt m.a. arealbruken. På idedugnad og folkemøte og i private innspel/merknader kom det og fram synspunkt knytt til denne delen av planarbeidet.

Mål/retningslinjer Kommunestyret sitt vedtak av langsiktige mål og retningslinjer vart retningsgjevande også for arealplanarbeidet.

Anna materiale Gjennom planarbeidet kom det og anna materiale vedkomande arealbruken - t.d. frå arbeidsgruppene for satsingsområda.

Viktige problemstillingar og prinsipp i planarbeidet har vore:

3.1.2 Utbyggingsmønster

Spreidd busetnad Det skal leggjast til grunn at folketalet i kommunedelene skal haldast oppe. Det skal planleggjast/tilretteleggjast for bustadbygging i alle kommunedelene, og som del av dette skal høvet til spreidd bustadbygging vurderast.

Tenestetilbod Ved lokalisering av bustadfelt skal også dekking av teneste- og fritidstilbod vurderast. Det må haldast oppe eit rimeleg tilbod på offentlege og private tenester i alle deler av kommunen.

Nærmiljø Ved arealplanlegging må det takast omsyn til nærmiljøfaktorar som variert bustadmasse, trafikktryggleik, omsyn til funksjonshemma o.s.b.

Riksvegprosjekt Dei nye, store riksvegprosjekta har skapt og vil skapa endra rammevilkår. Å vurderer verknader av desse har vore eitt av satsingsområda.

Strendene M.a. har Strendene kome i ei svært endra stode no når vegen til Naddvik er ferdig, og vidareføringa til Lærdalsøyri gjev nye endringar.

Konsekvensutgreiing Det vert no sett i gang konsekvensutgreiing når det gjeld stamvegen.

Hyttebygging Hyttebygging er ein av dei mest omdiskuterte arealbruksspørsmåla, jf. 3.1.4.

3.1.3 Miljø-, natur- og kulturvern

Miljøvern generelt Omsyn til miljøvern og forsvarleg naturforvaltning skal liggja til grunn. Dette må det takast omsyn til i arealplanarbeidet som eit viktig moment ved lokalisering av utbyggingstiltak o.s.v.

3.2 ORIENTERING OM PLANKART, FØRESEGNER, JURIDISK VERKNAD.

3.2.1 Karta

Oversiktskart Det er utarbeidd plankart i målestokk 1:50 000 for heile kommunen (oversiktskart).

Kommunedelplanar Det er utarbeidd plankart (kommunedelplanar) i målestokk 1:5000 som fastlegg arealbruken for følgjande område:

- Steinklepp
- Ljøsne
- Tønjum
- Lærdalsøyri
- Erdal
- Sluppen
- Sælto - stavkyrkja

Avgrensing av kommunedelplanane går fram av oversiktskartet. For desse områda er det kommunedelplanane som er dei juridisk bindande karta.

Omtale av planløyisingane

Planløyising/arealbruk m.v. vert i kapittel 3.3 omtala generelt for heile kommunen med utgangspunkt oversiktskartet. I kapittel 3.4 - 3.10 vert arealbruken i kommunedelene omtala.

Fokus på endring I omtalen vert det i stor grad fokusert på ny og endra arealbruk.

3.2.2 Arealbruksføremål, føresegner og retningsliner

Arealbruksføremål På plankarta er arealbruksføremåla markerte ved bokstavar, signaturar og evt. farge. Føremåla har heimel i plan- og bygngingslova pg. 20-4 pkt. 1 - 6. To eller fleire føremål kan kombinerast. Arealbruksføremåla er:

Byggeområde m.v (pg. 20-4,1 i plan/bygn.lova)
område for bygningar, friområde, kommunaltekniske anlegg, offentlege trafikkområde - m.v.

Landbruks- natur- og friluftsområde (pg. 20-4,2)
Mesteparten av arealet i kommunen er på plankarta lagt ut til dette føremålet.

Område for råstoffutvinning (pg. 20-4,3) - t.d. grustak

Bandlagde område (pg.20-4,4)
Dette er område som er bandlagde eller som i første fireårs periode skal bandleggjast etter plan- og bygngingslova eller andre lover. Dersom endeleg bandlegging ikkje er gjennomført innan fristen, opphøyrer rettsverknaden.

Område i vassdrag og sjø (pg.20-4,5)
Kommunikasjonar (pg. 20-4,6)

Utfyllande føresegner

Til plankarta er det knytt utfyllande føresegner, jf. kap 5.0. Desse har nærare krav om korleis arealbruken og vidare planlegging skal vera. Føresegnene har heimel i plan- og bygningslova pg. 20-4 pkt.a-h.

Retningslinjer

Kapittel 4.0 er retningslinjer for spreidd utbygging i landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Desse skal vera rettleiande for handsaming av søknader om utbygging m.v., men er ikkje direkte juridisk bindande på line med plankart og utfyllande føresegner.

3.2.3**Verknad av arealdelen****Styringsreiskap**

Kommuneplanen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging og er ein av dei viktigaste reiskapane for politisk styring. Arealdelen er såleis ein overordna reiskap for areal- og ressursforvaltninga.

Hovudtrekk i juridisk verknad.

Plankarta og dei utfyllande føresegnene utgjer saman den juridiske delen av arealplanen og er bindande for arealbruken i kommunen i samsvar med paragraf 20-6 i plan- og bygningslova. Andre deler av planen er rettleiande.

Handsaming av byggjesøkn. m.v.

Ein har heimel for å avslå søknader om bygge-tiltak m.v. som er i strid med planen. Dette gjeld og frådeling av eigedom med tanke på slike tiltak. Også andre tiltak som kan vera til vesentleg ulempe for plangjennomføringa, kan avslåast.

3.3

OVERSIKTSKART (heile kommunen)

3.3.1

Generelt

På grunn av målestokken, eignar ikkje oversiktskartet seg til å visa meir detaljert arealutnytting. Det er difor utarbeidd kommunedelplanar for dei områda der dette er aktuelt. Grensene for kommunedelplanane går fram av oversiktskartet.

I omtalen vidare vil det og bli trekt liner til kommunedelplanane.

3.3.2

Byggjeområde m.v (pgr. 20-4,1 i plan-bygn.lova)

Byggjeområde

Det vesentlege av byggjeområda går fram av kommunedelplanane, jf. omtalen av desse.

Hyttebygging

Eksisterande og tidlegare godkjende hytteområde går fram av oversiktskartet. Dette er:

Eksisterande og godkjende felt

- Filestølen, Filefjell
- Maristuen hyttegrend, Maristova
- Gramstølen
- Glitterøyni, Hemsedalsfjellet
- Breistølen hyttefelt

I tillegg kjem Sluppen hyttefelt innafør kommunedelplan for Sluppen.

Utbygging av hytter i desse områda kan halda fram i samsvar med godkjende/stadfeste regulerings- eller disposisjonsplanar, men dei utfyllande føresegnene til kommuneplanen stiller krav til storleik og utforming av hyttene - m.a. om maks. grunnflate og høgd og om takform og materialbruk. Sameleis er det krav til tekniske tilhøve.

Nye felt

Det er avmerka følgjande nye hyttefelt:

Eitt felt på Buhaugane, Filefjell. Førebels avgrensa til eit byggjestege på 25 hytter.

Eitt mindre felt i Vindedal (utleigehytter)

På kommunedelplan for Sluppen er det dessutan to nye felt; H1 (15 hytter) og H2 (10 hytter).

I utfyllande føresegner er det reglar om plankrav, utforming o.s.v. for hyttefelte.

3.3.3.

Landbruks- natur- og friluftsområde (pg. 20-4,2)

Mesteparten av arealet i kommunen er på plankarta lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde.

Uendra bruk

Desse områda skal i utgangspunktet nyttast som i dag. Det vil seia at tradisjonelle bruksmåtar som jord-, skogbruk o.l. skal kunna drivast utan andre former for restriksjonar enn det gjeldande lover og forskrifter set. Sameleis skal friluftsliv m.v. kunna drivast som i dag.

Retningsliner for spreidd bygging

Oppføring av bygningar som ikkje skal nyttast i samband med landbruksdrift m.v., er dermed i utgangspunktet forbode i desse områda.

Av retningslinene i kapittel 4.0 går det fram kva ein skal leggja vekt på ved handsaming av dispensasjonsøknader for spreidd bygging av bustader og andre typar bygg til heilårsbruk. M.a. bør det ikkje gjevast dispensasjon i 50 metersbeltet på kvar side av Lærdalselva, 100 metersbeltet langs sjø og i fjellområda.

Hyttebygging i/ved stølar

Dei utfyllande føresegnene (jf. kap. 5.0) opnar for ei avgrensa spreidd hyttebygging, men då berre i/ved stølsområde, jf.drøfting i pkt. 3.1.4.

Hytter - storleik og utforming m.v.

Det er og plankrav og krav til utforming av hyttene m.m. Av verneomsyn er det strengare krav til storleiken på hytter i/ved stølar enn til hytter i felt.

Sankebuer o.l.

Bygningar knytt direkte til tradisjonell landbruksdrift (til dømes sankebuer) kan oppførast i landbruks- natur- og friluftsområde. Dei fleste reglane i plan- og bygningslova gjeld også for slike bygg, og det er meldeplikt etter pg. 81 i plan- og bygningslova

Smedalsvassdraget

Smedalsvassdraget på Filefjell har restriksjonar når det gjeld vasskraftutbygging. Området dette gjeld er avmerka på kartet - som ein illustrasjon. I tillegg til restriksjonane gjeld dei vanlege reglane i landbruks-, natur og friluftsområde.

Viktige fjellområde - friluftsliv

På kartet er, som ein illustrasjon, avmerka dei områda i kommunen som er med i fylkesdelplan for friluftsliv:

- Området Blåskavlen - Bleia (regional verdi)
- Hemsedalsfjella (nasjonal verdi)
- Filefjell (nasjonal verdi)

Kongevegen

Kongevegen over Filefjell er markert som verneverdig veg (illustrasjon)

3.3.4

Område for råstoffutvinning (pg. 20-4,3)

Grustak m.m.

Dette vil m.a. omfatta grustak.

- Ny/utvida drift** På oversynskartet er det ikkje avmerka slike område. Dette inneber t.d. at nye grustak og vesentleg utviding av eksisterande grustak i landbruks- natur- og friluftsområde føreset reguleringsplan.
- På nokre av kommunedelplanane er det avmerka område for råstoffutvinning.
- 3.3.5** Bandlagde område (pg.20-4,4)
- Dersom endeleg bandlegging ikkje er gjennomført innan fristen, opphøyrer rettsverknaden, jf.3.2.2
- Nedslagsfelt** Nedslagsfeltet til Ofta vassverk er bandlagt.
- Kulturlandskap** Ljøsndalen er avmerka som bandlagt kulturlandskap.
- Kulturminne** Hauge gamle kyrkjegard er avmerka som bandlagd.
- Fareområde** Fareområde (t.d. skred/flaum) er og i prinsippet bandlagde område. Slike er, p.g.a. manglande registrering, ikkje innteikna. Skred/flaumfare må då avgjerast i kvart enkelt tilfelle ved aktuelle byggjesaker i landbruks- natur- og friluftsområde.
- Massedeponi** I Tynjadalen er det avmerka massedeponi knytt til stamvegtunnelen, jf. reguleringsplan.
- Også på kommunedelplanane er det bandlagde område, m.a. område med spesielle verneverdiar.
- 3.3.6** Område i vassdrag og sjø (pg.20-4,5)
- Vassdrag/sjø** Plan- og bygningslova gjev høve til å fastleggja arealbruken i sjø og vassdrag. I kommunedelplan for Lærdalsøyri er differensiert arealbruk i sjøen fastlagd, men elles i kommunen er sjøområda ikkje avmerka til nokon spesiell bruk.
- Vassdrag ligg i landbruks- natur og friluftsområde.
- 3.3.7** Kommunikasjonar (pg. 20-4,6)
- Nye riksvegar** Kartet syner den nye riksvegen Naddvik - Fodnes og planlagt anlegg Lærdal - Fodnes - Kaupanger (under bygging). Stamvegtunnel mot Aurland (påhogg Håbakken) går fram av kommunedelplan Tønjum.
- Tiltak/lineføring for Stamvegen Bergen - Oslo vidare oppover Lærdalsdalen vil bli fastlagd seinare etter konsekvensutgreiing og eige planarbeid.
- Meir detaljerte vegløysingar går fram av kommunedelplanane. Spesielt kan nemnast vegføringar på Lærdalsøyri og Tønjum.
- Ny veg Frønningen** Kartet syner planlagd veg til Buene.

3.4 KOMMUNEDELPLAN STEINKLEPP

3.4.1 Generelt

Avgrensing Plankartet er avgrensa slik at det i tillegg til sjølv sentrumsområdet, omfattar alle områda som har vore aktuelle for ny føring av riksvegen vidare framover dalen.

Sentrumsfunksjonar Å leggja til rette eit livskraftig sentrum på Steinklepp er avgjerande for at tenestenivået i Borgund skal vera godt.

3.4.2 Byggjeområde (pg. 20-4.1)

Bustadfelt m.v. Det innteikna bustadfeltet (B) nordvest for riksvegen, er i samsvar med godkjend reguleringsplan. Planen omfattar og barnehagetomt (O), tomt for aldersbustader m.v.

Sentrumsområdet Sentrumsområdet søraust for riksvegen er utvida litt i nord og elles arrondert i samsvar med den nye riksvegtraseen.

Post, idrettsanl. Utvidinga i nord omfattar utviding av idrettsanlegget (FR) og tomt for postkontor m.v. (O)

Skule Skuletomta omfattar og idrettsbygg.

Industri Ved Horge er det avmerka eit industriareal (I)

3.4.3 Landbruks-, natur- og friluftsområde (pg. 20-4.2)

Jf. pkt.3.3.3 om rettsverknad, spreidd utbygging m.v.

3.4.4 Område for råstoffutvinning (pg. 20-4,3)

Grustak m.v. Det er ikkje avmerka slike område. Jf. pkt. 3.3.4 om grustak i landbruks-, natur- og friluftsområde.

3.4.5 Bandlagde område (pg. 20-4.4)

Bevaring Innafor det regulerte området med bustadfelt m.m., er gamleskulen og området i kring avsett til spesialområde/bevaring (SB).

Fornminne Kjende fornminne er avmerka.

Våtmark I samband med trasevurdering for riksvegen austover (jf. nedanfor), har miljøvernstyresmaktene peikt på elva og tilgrensande område som eit viktig

våtmarksområde. Dette gjeld omlag frå Sprakehaug (nær campingplassen) og noko over 1 km søraust-over.

Verna våtmark? Vernesituasjonen er usikker, og området er på plankartet sett av til landbruksnatur og friluftsområde.

Fareområde Fareområde (t.d. skred/flaum) er ikkje innteikna. Skred/flaumfare må då avgjerast i kvart enkelt tilfelle ved aktuelle byggjesaker i landbruksnatur- og friluftsområde.

3.4.6 Kommunikasjonar (pg. 20-4.6)

Gangveg til Horge Det er framlegg om gang-/sykkelveg langs riksvegen frå sentrum og sørvestover, delvis på den gamle riksvegtraseen.

Gangveg til Sprakehaug ? Det kan og vera aktuelt med gang-/sykkelveg austover til Sprakehaug. Trongen for denne avheng av kva riksvegalternativ som vert valt, og han er difor ikkje med på kartet.

Riksvegtrase ved Steinklepp sentrum For strekninga ved Steinklepp sentrum er riksvegen gjennom ein hovudplan tidlegare godkjend med trase etter forbygging vest for elva og vidare etter eksisterande veg til campingplassen. M.a. den nye situasjonen med vedtak om stamveg gjennom dalen og dermed konsekvensutgreiing, gjer at denne godkjende strekninga no er teken ut av kommunedelplanen.

Riksveg aust for sentrum For strekninga vidare austover har det vore vurdert i alt 7 alternativ for føring av riksvegen. (Borlaug - Steinklepp, delparsell C i hovudplan). Sjå høyringsutkast (mai 1990 og april 1991) til kommuneplan for nærare informasjon. Også denne delen av riksvegen er teken ut av kommunedelplanen.

Vidare arbeid med riksvegtraseen Riksvegføringa i Steinkleppområdet og vidare austover vil bli fastlagd gjennom konsekvensutgreiing og planarbeid i samband med stamvegen Oslo - Bergen.

3.5	KOMMUNEDELPLAN LJØSNE
3.5.1	<u>Generelt</u>
Avgrensing	Plankartet er avgrensa vest for Bø og aust for Sloane og omfattar områda på begge sider av elva.
Senterfunksjonane	Senterfunksjonane i Ljøsne er oppsplitta med butikken ca. 2,5 km vest for skule/ungdomshus.
3.5.2	<u>Byggjeområde (pg.20-4.1)</u>
Bustadfelt	Det er ikkje merka av ny arealbruk, men deler av bustadfeltet Saltkjelen er ledig (B).
Barnehage	Barnehage kan plasserast ved å slå saman to tomter i Saltkjelen. Dette er ikkje merka av på kartet.
Forretning m.v.	Det er lagt inn eit område til forretning e.l. (F) ved avkøyrsla til bustadfeltet.
3.5.3	<u>Landbruks- natur- og friluftsområde (pg. 20-4.2)</u>
	Jf. pkt. 3.3.3 om rettsverknad, spreidd utbygging m.v.
3.5.4	<u>Område for råstoffutvinning (pg. 20-4.3)</u>
Grustak m.v.	Mosoddane er avmerka som nytt grustak (G 1). I utfyllande føresegner er det krav om reguleringsplan for dette uttaket.
	Jf. elles pkt. 3.3.4 om grustak i landbruks-, natur- og friluftsområde.
3.5.5	<u>Bandlagde område (pg. 20-4,4)</u>
Kulturlandskap	Vatningsveiter på Øvre Ljøsne/Stuvane med naturleg tilgrensande areal er bandlagt som kulturlandskap. Dersom <u>endeleg bandlegging</u> ikkje er gjennomført innan fristen, opphøyrer rettsverknaden, jf.3.2.2 Området er nærare omtala i landbrukskontoret sin søknad om tilskot til kulturlandskapsprosjekt.
Bygningsmiljø	Rikheim-tunet er merka som verna bygningsmiljø. Bygningane er freda, men det er også teke med areal rundt desse. Endeleg bandlegging for dette arealet må gjennomførast innan fristen, jf.3.2.2.
Fornminne	Kjende fornminne er avmerka.
Fareområde	Fareområde er ikkje innteikna. T.d. Skred/flaumfare må då avgjerast i kvart tilfelle ved aktuelle byggesaker i landbruks- natur- og friluftsområde.

3.6 KOMMUNEDELPLAN TØNJUM

3.6.1 Generelt

Avgrensing Tønjum har ikkje lenger eigen skule, post eller butikk, men området kyrkja-ungdomshuset har eit visst preg av grendasenter. Plankartet omfattar dette området med tilgrensande landbruksomr. m.v.

3.6.2 Byggjeområde (pg.20-4.1)

Bustadfelt Nytt bustadfelt (B) er tilpassa fylkesgeologen si avgrensing av skredfare. Innafor det avmerka området er det og areal til friområde.

Barnehage Barnehagen er i den gamle skulen nordaust for riksvegen. Det er planlagt utviding av tomta (O).

Ungdomshus Det er med utviding av tomta til ungdomshuset (A).

Stemneplass Stemneplassen Stavarekka er avmerka som friområde (FR) med parkering (T).

3.6.3 Landbruks- natur- og friluftsområde (pg. 20-4.2) Sjå 3.3.3 om rettsverknad, spreidd busetnad m.v.

3.6.4 Område for råstoffutvinning (pg. 20-4,3)

Grustak Avmerka grustak (G) er i drift. Sjå 3.3.4 om grustak i landbruks-, natur- og friluftsområde.

3.6.5 Bandlagde område (pg. 20-4,4)

Fareområde Fareområde er ikkje innteikna. T.d. skred/flaumfare må då avgjerast i kvart tilfelle ved byggjesaker i landbruks- natur- og friluftsområde.

Kulturlandskap, Bygningsvern Halabrekka er bandlagt kulturlandskap (KL) og prestegarden (7 hus) bygningsvern (BV). Dersom endeleg bandlegging ikkje er gjennomført innan fristen, opphøyrer rettsverknaden, jf.3.2.2

Fornminne m.v. Kjende fornminne er avmerka, og sameleis fredningsområdet rundt kyrkja.

3.6.6 Kommunikasjonar (pg.20-4,6)

Riksvegen Planen syner påhogg for vedteken stamvegtunnel mot Aurland med tilknytning til eksisterande riksveg og lokalvegar.

Gangvegar Det er planlagt gang-/sykkelveg som vil kryssa under stamvegen ved Håbakken. Vidare er tenkt gang/sykkelveg langs riksvegen frå ungdomshuset (A) og austover til vegkrysset ved kyrkja. Gang-/sykkelveg frå bustadfeltet (B) og ned til riksvegen skal m.a. letta tilkomst til barnehagen.

3.7

KOMMUNEDELPLAN LÆRDALSØYRI

3.7.1

Generelt

- Avgrensing** Plankartet omfattar tettstodområdet frå og med Habben til Øye bru og sjukehusområdet med tilgrensande bustadfelt. Naturleg tilgrensande landbruks/utmarksområde er også med.
- Knapt areal** Det attverande arealet på Øyri må nyttast godt. Fortetting i bustadområda kan vera eit stikkord.
- Utbyggingsareal?** Det er bra med ledige areal til industri, forretning og offentlege føremål, men det tek til å verta knapt med areal til bustadføremål. Ved utlegging av nye bustadareal som ikkje alt er regulerte, vil ein lett få konflikt med landbruket.
- Rekreasjonsareal?** På Øyri og i nærområdet er det trong for å sikra areal til rekreasjon (turområde, bading o.s.v.)
- Verneverdiar** Det verdifulle i det gamle bygningsmiljøet på Øyri vert streka under i mange samanhengar og bør takast omsyn til ogå ved nybygging.
- Riksvegprosjekt** Dei nye, store vegprosjekta har skapt nye rammevilkår for planlegginga. For Lærdalsøyri gjeld dette særleg ny veg til Fodnes og Årdal.
- Årdalsveg - utbyggingspress?** I tillegg til å påverka vegføringar/arealdisponering, vil vegen til Årdal truleg gje auka press på Øyri, som p.g.a. vegen vert eit aktuelt busetjingsalternativ for folk som arbeider i Årdal.
- Plankrav** Eksisterande reguleringsplanar skal for det meste gjelda, og det er generelt krav om godkjend reguleringsplan som grunnlag for bygging, frådelling m.v.

3.7.2

Byggeområde m.v (pgr. 20-4,1 i plan-bygn.lova)

Bustadområde (B)

Dette utgjer størstedelen av arealet (utanom landbruks-, natur- og friluftsområde). Mesteparten er utbygt.

- Ledig bustadareal** Med unntak for einskildtomter, ligg det ledige arealet innafor B1 og B3
- B1, Piløyni** Den vestlege delen av B1 (Skogøyni) er no for det meste utbygd. Den austlege delen (Piløyni) er, av jordbruksomsyn, ikkje tenkt opparbeidd før andre sentrumsnære område er utbygde. Heile området er regulert.
- B3, Ofta vest** B3 Ofta vest er eit større ubyggt område nordaust for sjukehuset. Området er regulert.

Område for hytter (H)

- H, ved kanalen** Det er sett av eit område for utleigehytter ved ferie- og fritidsparken.

Område for naust (N)

- N/T1, Habben** I område N/T1 vest for turisthotellet kan det oppførast naust eller sjøbuer. Bruken av området skal kombinerast med trafikkføremåla småbåthamn og kai.
- N/T2, v/kanalen** I område N/T2 aust for turisthotellet kan det oppførast naust eller sjøbuer. Bruken av området skal kombinerast med småbåthamn/parkering.

Område for offentlege bygningar (O)

Det meste av desse områda er tekne i bruk. I dei fleste er det likevel ledig areal for utviding.

- O/I 1, Yt.Grandane** Område O/I 1 er lagt ut til kombinert offentleg føremål og industri og skal no nyttast til tomt for vegstasjon.
- O/I 2, Yt.Grandane** Område O/I 2 er også lagt ut til kombinert offentleg føremål og industri, og skal no nyttast til tomt for avfallshandsaming.
- Kyrkja** Det er lagt inn utvidingsareal for kyrkjegarden i samsvar med tidlegare planar.
- A/O, ungdomshus....** Område A/O Ungdomshus/Losjehus, sjå nedanfor.

Område for ålmennyttig føremål (A)

- A, Gamla Øyri** Område A sør for Øyragata er tenkt nytta til utstillingsplass m.m.
- A/F, Villakssenter** A/F på Grandane (kombinert ålmennyttig/service) er tomte til Villakssenteret, som er under planlegging.
- A/O, Ungdomshuset og Losjehuset** Område A/O er lagt ut til kombinert offentleg og ålmennyttig føremål. I området ligg ungdomshuset og eit mindre forsamlingshus, men det er rom for fleire kulturaktivitetar, t.d. sal/bygning for kino/teater o.s.v.

Område for forretning, service m.v. (F)

- Ledig forretn.areal** Ledig areal ligg for det meste innafor områda F1 og F/T i sentrum og F/I 2 på Grandane.
- F1, Sentrum** F1 omfattar Offerdal hotell og elles ein del ledig areal.
- F/I 1, Grandane** I F/I 1- kombinert forretnings/industriområde, ligg verksemda "Trevaren". Det er noko ledig areal innafor området.
- F/I 2, Grandane** F/I 2 er mellombels helikopterlandingsplass med seinare overgang til lettare industri/service når permanent landingsplass kjem.
- F/T, sentrum** F/T ved Skogøyeni er avsett til off. parkering og areal for forretningsverksemd (service).

- A/F, Villakssenter** A/F, tomta for Villakssenteret, er kombinert ålmennyttig/service, jf.ovafor.
Område for industri (I)
- I1, Ytre Grandane** I I1 på Ytre Grandane ligg ei betongverksemd. Det er noko ledig areal.
- I2, Grandane** I område I2 på Grandane ligg dei eksisterande verksemdene Lerum (tidlegare Sunco) og Lærdal Energiverk. Området har ledige areal i nordvest og aust.
- I/T, Grandane** Området I/T på Grandane er avsett til kombinert industriområde/parkering.
- O/I1-2, Yt.Grandane** O/I 1 og 2 på Yt.Grandane er tenkt for kombinert offentleg/industri, jf.ovafor.
- F/I1-2, Grandane** Områda F/I 1 og 2 er lagt ut til kombinert industri/forretning, jf. ovafor.
Friområde (FR)
- Opparbeiding ved elva/fjorden** Det er viktig at området langs elva/fjorden får ei god landskapstilpassing ved detaljplanlegginga. Området vil vera "porten" til Lærdalsøyri.
- Grøntbelte langs elva** Langs sørsida av elva er det i tidlegare vedtekne reguleringsplanar eit belte med friområde. Utsida av forbyggingsvoll er stort sett ytre grense for området. I seinare vedtekne planar er grøntområdet dels endra/utvida og omregulert til spesialområde landskapsvern (SL) og Friluftsområde (FL), jf. kap. 3.7.5, men store deler av friområdet (FR) ligg framleis att.
- FR1, Habben** FR1 er ei stripe med friområde mellom sjøen og gangvegen langs hotellet.
- FR2, Ytre Grandane** FR2 er badeplassen på Ytre Grandane (landarealet og ev.fylling) og ein "korridor" bort til elvi og Hedlerbrui. Dessutan omfattar FR2 eit område innover langs kanalen.
- Friomr. v/kanalen** Langs kanalen vidare innover er det og eit belte med friområde. Dette heng saman med parkområdet i sentrum/Gamløyri.
- FR3, v/skulen** Friområdet ved skulen (idrettsanlegg m.v.) er knytt til grøntbeltet langs elvi.
- FR4, Stadion** Noverande stadion (FR4) vil bli brukt til idrett i mesteparten av planperioden. Det har vore drøfta å bruka tomta til industri når idrettsanlegget ved skulen kjem. Det har og vore drøfta å nytta stadion til kunstisbane.
- Leikeplassar m.v.** Friområda elles er leikeplassar m.v. i tettstad/bustadområda og vegetasjonsbelte langs vegar m.v.
Campingplass (C)
- C, Grandane** Område C er Lærdal ferie- og fritidspark. Knytt til området er planlagt eit areal for utleigehytter (H)

Kommunaltekniske anlegg (K)

Ras/flaum-sikring Det er avmerka område for sikringstiltak mot steinsprang og flaum/skred ved bustadfeltet Ofta Vest.

Offentlege trafikkområde (T)

Vegareal, hamn, parkering

Dei avmerka areala (T) er hamneareal, parkeringsanlegg m.v. og større arealinngrep i samband med veganlegg. Sjølve vegføringane høyrer under arealbrukskategorien "kommunikasjonar" og er omtala i punkt 3.7.7 nedanfor.

Hamn

Lærdal kan i framtida bli ein viktig stad for omlasting frå sjø til land. Kommunen er innstilt på å leggja tilhøva til rette ved å avsetja meir areal til kai når dette vert aktuelt.

T1, Raudberg

T1, Raudberg, er avsett til kai og småbåthamn.

T2, v/kanalen

I område T2 langs kanalen skal det vera småbåthamn.

N/T 1, Habben

Område N/T 1 vest for turisthotellet skal nyttast til småbåthamn og kai. I området det og byggjast naust/sjøbuer, jf. ovafor.

N/T 2, v/kanalen

I område N/T 2 aust for turisthotellet skal det vera småbåthamn og offentlig parkering. I området kan det og byggjast naust/sjøbuer, jf. ovafor.

T3 - P, Yt. Grandane

T3 ved badeplassen på Ytre Grandane er eit mindre areal til off. parkering.

I/T - P, Grandane

I/T på Grandane er avsett til off. parkering og areal for industri, jf. ovafor.

F/T - P, sentrum

F/T v/ Skogøyeni er avsett til off. parkering og areal for forretning, jf. ovafor.

3.7.3

Landbruks- natur- og friluftsområde - L (pg. 20-4,2)

Jf. pkt.3.3.3 om rettsverknad, spreidd utbygging m.v.

Jordvern

Det er lite att av produktivt landbruksareal innafor sjølve Øyri. Jf. ovafor om konflikt med jordvern om del av B1, Piløyeni.

Langs riksvegen

Mellom Øyri og riksvegen i sør, ligg det eit belte med jordbruksareal. Det bør drøftast ei betre utnytting av dette. Det er delvis rasfare innafor området, som førebels er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde.

Langs elvi

Langs deler av Lærdalselvi ligg det framleis att ei smal stripe regulert landbruksareal mellom elvi og friområdet.

3.7.4

Område for råstoffutvinning (pg. 20-4,3)

Grustak m.v.

Det er ikkje avmerka område for grustak e.l. - Jf. pkt. 3.3.4 om grustak i landbruks-, natur- og friluftsområde.

3.7.5

Bandlagde område (pg.20-4,4)

- Fareområde** Det er ikkje avmerka fareområde, men det er klart at visse parti langs riksvegen er utsette for skredfare. Også andre stader i planområdet kan det vera skred/flaumfare. Spørsmål om dette må avgjerast i kvart enkelt tilfelle ved aktuelle byggjesaker i landbruks- natur- og friluftsområde.
- Nedslagsfelt vassverk** Her er avmerka den delen av nedslagsfeltet til Ofta vassverk som kjem innafør plankartet.
- M, Hagusane** Eit eksisterande militært brakkeanlegg (M) er avmerka (Hagusane).
- BV, Bygningsvern** BV er det gamle bygningsmiljøet på Øyri
- FL Grandane** Innafor FL (friluftsområde) skal ein sikra det unike naturmiljøet ved elva. M.a. omfattar FL det viktigaste området for planta Fjøreknapp (tidlegare regulert til naturvern/plantefredningsområde).
- NV/FR 1 Grandane** NV/FR 1 på Grandane (kombinert friområde/naturvern) er ein del av det tidlegare plantefredningsområdet.
- NV/FR 2 Hedler** På Hedler er det avsett eit kombinert område NV/FR 2 - friområde (bade plass) og naturvern. Den nye vegen mot Årdal vil opna dette området føreset at han vert kombinert med gang/sykkel-bru.
- SL, Ytre Grandane** SL sør for elveosen på Ytre Grandane er sett av til spesialområde for landskapsvern, jf. reguleringsplan for Ytre Grandane og Habben.
- Fornminne** Det er avmerka eitt fornminne (nord for Ofta), men det finst truleg fleire i planområdet.
- Rettsverknad av bandlegging** For bandlagde område gjeld generelt at dersom endeleg bandlegging ikkje er gjennomført innan fristen, opphøyrer rettsverknaden, jf.3.2.2.
- For bandlagde område som ikkje er/skal sikrast etter anna lovverk, kan kommunen nytta reguleringsplan etter plan og bygningslova for å oppnå endeleg bandlegging.
- Dersom ein finn at dei aktuelle interessene kan ivaretakast t.d. ved friviljuge avtalar, treng ein ikkje gjennomføra endeleg formell bandlegging.

3.7.6

Område i sjø/vassdrag (pg.20-4,5)

- Sjøområde** Det er avmerka bruk av sjøområda langs land i inste del av fjorden.
- TS Trafikkomr.sjø** TS (trafikkområde) er den delen av fjordbassenget som trengst i samband med trafikk til kaien.
- Småbåthamn m.v.** Områda som er avsette for småbåthamner m.v, jf. ovafor, omfattar areal i sjø.
- SL Ytre Grandane** SL - spesialområde landskapsvern - omfattar areal i sjøen, jf. ovafor.

- NV/FR 2 Hedler** Det bandlagde området ved Hedler (NV/FR 2, jf.ovafor) omfattar og sjøareal.
- FRS Habben, kanalen og Yt. Grandane** Sjøområdet nærast dei avmerka friområda på Ytre Grandane, Habben og langs kanalen er sett av til friområde i sjø (FRS).
- Verknad** Som for kommuneplanen elles, vil arealbruk som er til vesentleg ulempe for dei planlagde aktivitetane i kvart område, vera i strid med planen. I sjøområde som ikkje er avmerka med spesiell bruk, vert rettstilhøva uendra.
- 3.7.7** Kommunikasjonar (pg. 20-4,6)
- Jf. og ovafor - "Offentlege trafikkområde".
- Vegar** Plankartet syner eksisterande og planlagd hovudveg, samleveg og gang/sykkelveg. Riksvegane er avmerka som "hovudveg" medan fylkesvegane og viktige kommunale vegar fell under omgrepet "samleveg". Meir underordna vegnett, t.d. interne vegar i bustadfelt, er ikkje avmerka korkje når det gjeld gang-/sykkelveg eller køyreveg.
- Hovudvegane
- Omlegging RV** Ved noverande avkøyrslar til sentrum (Sogn Billag) er riksvegen omlagd slik at han kjem nærare fjellfoten.
- Årdalsvegen** Vegene Lærdal - Fodnes - (Årdal) er no under bygging.
- Samlevegane
- Avkøyrslar Grandane** Dei nye riksveganlegga gjev store endringar i avkøyrsletilhøva til sentrum. På Grandane vert det t.d. rundkøyring på Årdalsvegen med avkøyrslar austover mot sentrum og vestover mot industri, camping og badeområde m.m.
- Gang- og sykkelvegane
- Gangveg langs Sjukehusvegen** Det er lagt inn gang- og sykkelveg langs sjukehusvegen frå krysset med riksvegen og forbi eksisterande bustadfelt aust for Ofta. Fylkesvegen må flyttast litt slik at ein unngår for store inngrep på den vestlegaste bustadeigedommen nord for elva (gbnr. 28/65).
- Langs Årdalsvegen og til Hedler** Det er sett av gang- og sykkelveg langs vestsida av Årdalsvegen og også frå sentrum, ned til elva og vidare til naturområdet Hedler på andre sida av elva
- Til Habben og Grandane** Det er lagt inn gang- og sykkelveg frå sentrum og vestover til Habben og til badeplassen på Grandane (FR2). Det vert undergangar under Årdalsvegen.
- Øyragata gangveg?** Øyragata er teikna inn som gang/sykkelveg. Biltrafikk skal leiast via vegene over kanalen og nord for sentrum.

3.8 KOMMUNEDELPLAN ERDAL

3.8.1 Generelt

Avgrensing Området er avgrensa til aktuelt utbyggingsareal nedst i dalen og noko tilgrensande areal.

3.8.2 Byggjeområde (pg.20-4.1)

Bustader Nye bustadområde (B) er i hovudsak som på sist ajourførde reguleringsutkast, men jf. nedanfor om fareområde rundt tankanlegget. Av ymse årsaker er reguleringsaka noko utsett.

Offentlege område I bustadområdet er det tomt for barnehage (O). Det har tidlegare vore vurdert å plassera også ei tomt for aldersbustader i feltet.

Friområde I bustadfeltet er avmerka 3 friområde (FR)

3.8.3 Landbruks- natur- og friluftsområde (pg. 20-4.2)

Jf.3.3.3 om rettsverknad, spreidd utbygging m.v.

3.8.4 Område for råstoffutvinning (pg. 20-4.3)

Grustak m.v. Det er avmerka eit eksisterande grustak. Jf.elles 3.3.4 om grustak i landbruks natur- og friluftsområde.

3.8.5 Bandlagde område (pg. 20-4.4)

Fornminne Kjende fornminne er avmerka (5 røyser i/ved bustadområdet).

Fareområde Det er fareområde i 70 m avstand frå forsvaret sitt tankanlegg.

Skred/flaum Skred/flaumfare er ikkje avmerka og må avgjerast i kvart tilfelle ved aktuelle byggjesaker i landbruks- natur- og friluftsområde.

3.8.6 Kommunikasjonar (pg.20-4.6)

Revsnesvegen Riksvegen mot Revsnes er avmerka som hovudveg. Status på vegen vil bli endra når Fodnes vert ferjestad.

Erdalsvegen Fylkesvegen opp Erdal er tenkt omlagd i svingen sør for bustadfeltet. Avkøyrsla til feltet er plassert her. Når stamvegen mot Aurland kjem, vil eksisterande veg berre få lokal betydning.

3.9 KOMMUNEDELPLAN SLUPPEN

3.9.1 Generelt

Bakgrunn Bakgrunnen er m.a. at Sluppen/Hodndalen i fleire samanhengar har vore sett som interessant for utbygging som vinterutfartsområde, t.d. med lysløypa (j.f. m.a. generalplan av 1979). Det har og vore fremja ynskje om hyttebygging.

Avgrensing Plankartet omfattar det som i utgangspunktet er mest interessant for slik bruk.

3.9.2 Byggjeområde (pg.20-4.1)

Hytter - Vardahaugsli Det er sett av eit nytt hyttefelt i Vardahaugsli (H1). Området skal ha maks. 15 hytter. Det er m.a.krav om utbyggingsplan etter pg. 28-2 i plan- og bygningslova, jf. føresegnene.

Hytter - Tverrberget Det er også eit nytt mindre hyttefelt nedom Tverrberget (H2). Området skal ha maks. 10 hytter. Også her er det plankrav, jf. føresegnene.

Trafikkområde Knytt til vegen er det avsett fleire parkeringsplassar (T) med tanke særleg på vinterutfart.

3.9.3 Landbruks- natur- og friluftsområde (pg. 20-4.2)

Jf. pkt. 3.3.3 om rettsverknad, spreidd utbygging mv.

Friluftsliv Ein del av området Blåskavlen - Bleia, som er med i fylkesdelplanen for friluftsliv (område av regional verdi), ligg innafor planområdet og er avmerka som ein illustrasjon.

3.9.4 Område for råstoffutvinning (pg. 20-4,3)

Grustak m.v. Det er ikkje avmerka slike område. Jf. pkt. 3.3.4 om grustak i landbruks-, natur- og friluftsområde.

3.9.5 Bandlagde område (pg.20-4,4)

Friluftsområde Det er sett av eit større friluftsområde i Sluppen og eit stykke inn i Hodndalen med tanke særleg på vinteraktivitetar, t.d. lysløypa. Arealbinding av denne typen føreset at området vert regulert eller endeleg bandlagd på annan måte innan 4 år etter at kommuneplanen er vedteken, jf. 3.2.2.

Fareområde Fareområde (t.d. skred/flaum) er ikkje avmerka.

3.10 KOMMUNEDELPLAN SÆLTO - STAVKYRKJA

3.10.1 Generelt

Avgrensing Planområdet er avgrensa vest for garden Sælto og aust for Borgund Stavkyrkje.

Vern Kommunedelplan Sælto - Stavkyrkja er fyrst og fremst ein verneplan for dei mange kulturminna som ligg innanfor området. Det er teke med område som er sikra i dag og område der kommunen ynskjer ei avklaring om framtidig sikring.

Tilrettelegging Vidare er det viktig å leggja til rette for dei som ynskjer å besøka området.

Eigen rapport Det er utarbeidd ein eigen rapport, dags. 16.04.91: "SÆLTO - STAVKYRKJA - kulturhistorisk område". Rapporten skildrar verneverdiar og vurderer framtidig bruk av området. Til rapporten er knytt temakart - teikn. 264.20.

3.10.2 Byggjeområde (pg. 20-4.1)

Stavkyrkja - parkering/info.

Ved stavkyrkja er det sett av eit areal (A/T) på begge sider av elva med tanke på parkering og informasjonssenter. Dette området går og inn i bygningsvern-området rundt kyrkjene. Det skal utarbeidast detaljert reguleringsplan før området evt. kan utbyggjast.

Borgundsenteret

Det er i gang arbeid med å få i stand eit informasjonssenter m.v. (Borgundsenteret) Det har vore ein arkitektkonkurranse der vinnarprosjektet har informasjonssenteret lenger nord enn A/T. Det er difor truleg at arealdisponeringa vert endra i dette området, ved utarbeiding av reguleringsplan.

Parkering ved riksvegen

Det er teikna inn fleire mindre parkeringsplassar langs riksvegen. Desse er der det er mogeleg, lagde til startpunkt for spaserturar.

3.10.3 Landbruks- natur- og friluftsområde (pg. 20.4.2)

Jf. pkt.3.3.3 om rettsverknad, spreidd utbygging m.v.

3.10.4 Område for råstoffutvinning (pg. 20-4.3)

Grustak m.v. Det er ikkje avmerka slike område. Dette inneber t.d. at nye grustak og vesentleg utviding av eksisterande grustak i landbruks- natur- og friluftsområde føreset reguleringsplan.

3.10.5 Bandlagde område (pg. 20-4,4)

- Fornminne** Kjende fornminne er innteikna med ei sone på minst 5 meter frå ytre avgrensing av minnet.
- Bygningsmiljø** Verneverdige bygningar er tekne med saman med eit område kring sjølve husa. Dette gjeld Galdane, Nedre Kvamme, Husum hotell, Gardstunet på Seltøyeni og området ved kyrkjene. Mange av bygningane er alt freda. Rundt kyrkjene er det avsett eit ekstra stort område. Det er særst viktig at det her vert teke vare på den naturlege samanhengen mellom stavkyrkja og området i kring.
- Gamle vegar** Verneverdige vegar er innteikna med ei sone på 2 meter på kvar side av vegbana. Dette gjeld Sæltø - Sjurhaugfossen, Sæltåsen - Bruknappen, Bruknappen - Sjurhaugen, Sjurhaugen - Sletthagen, Vindhellavegen og Sverrestigen. Nokre av vegane er truleg legalfreda ut frå alder.
- Kulturlandskap** Kulturlandskap i tilknytning til bygningsmiljø er med i planen, jf. ovafor. Ved vegane er verneområdet nokre stader utvida til å gjelda eit større areal langs vegen. Dette gjeld område ved Glorhelleren, Bruknappen og Olavsklemma.
- Naturvern** Edellauvskogen ved Husum vil bli foreslått verna i verneplan for edellauvskogar.
- Verneområde - vidare handsaming** Dersom endeleg bandlegging ikkje er gjennomført innan fristen, opphøyrer rettsverknaden, jf.3.2.2.
- For dei ovannemnde verneområda som ikkje er/skal sikrast etter kulturminne- eller naturvernlov, kan kommunen regulera til spesialområde vern. Reguleringsplanen må innehalda t.d krav til vedlikehald/vern av vegane og byggjegrense langs desse.
- Dersom verneinteressene kan ivaretakast t.d. ved friviljuge avtalar, treng ein ikkje gjennomføra endeleg formell bandlegging.
- Fareområde** Fareområde er ikkje innteikna. T.d. skred/flaumfare må då avgjerast i kvart tilfelle ved byggjesaker i landbruks- natur- og friluftsområde.

3.10.6 Kommunikasjonar (pg. 20-4,6)

- Gangbru over elva** Rett nord for "Kår-Olagytta" er det planlagt ei ny gangbru over Lærdalselva. Endeleg plassering av brua må detaljplanleggast.
- Omlegging av riksvegen** Tidlegare planlagt tunnel på strekninga Sæltåsen - Bruknappen er teken ut. Også løysinga her skal vurderast i konsekvensutgreiing og vidare planlegging.
- Parkering** Det er lagt inn parkeringsplassar langs riksvegen og ved stavkyrkja, jf. ovafor.
- Vindhellavegen** Frå kyrkjene er det planlagt ny gangveg/sti opp til Vindhellavegen.

4.0 RETNINGSLINER FOR SPREIDD UTBYGGING I LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF)

Som det går fram av vedteken handlingsplan for kommunen, ynskjer kommunen å styrkja busetnaden i utkantane. Bygningsrådet bør leggje vekt på denne målsetninga ved behandling av dispensasjonssøknader om utbygging av bustadhus og andre bygningar til heilårsbruk i LNF område etter plan- og bygningslova pgr. 7

Dispensasjon bør ikkje gjevast i følgjande område:

- ovafor Borlaug i hovuddalføret og Grindaheim i Erdal
- I eit belte på 50 m på kvar side av Lærdalselva, målt frå vasskant ved vanleg vassføring
- Langs fjorden i 100-metersbeltet langs sjøen og ovafor 100-meters kotehøgde.

Kulturvernstyresmaktene bør få høve til å gje fråsegn når det gjeld plassering og utforming av hytter i eller knytt til stølsområde, jamfør kap. 5.0, utfyllande føresegner.

Når det gjeld utbygging av utleiehytter/anlegg for gardsturisme som lekk i jordbruksdrift, er det ei målsetting for kommunen å få ei kontrollert utbygging av slike anlegg også utanom stølsområde i LNF-områda for å styrka næringslivet i utkantane. Bygningsrådet bør leggja vekt på denne målsetninga ved behandlinga av dispensasjonssøknader om slik utbygging i LNF- områda etter plan- og bygningslova pgr. 7. Ein føresetnad for å kunna gje dispensasjon er at det ligg føre ei positiv landbruksfagleg tilråding og at utbygginga ikkje kjem i konflikt med andre viktige interesser.

5.0 UTFYLLANDE FØRESEGNER TIL PLANKARTA

Føresegnene er knytte til plankarta - teikn. 264.01 til 264.08, sist dagsette 30.03.95
Heimel i plan- og bygningslova sin paragraf 20-4 er nemnd for kvart punkt.

Følgjande stadfeste/godkjende reguleringsplanar og disposisjonsplanar skal framleis gjelda:

- Alle reguleringsplanar godkjende etter 04.12.91 - der dei ikkje er oppheva av nyare reguleringsplanar.
- Alle stadfesta/godkjende reguleringsplanar innafor kommunedelplan Lærdalsøyri - i den grad dei ikkje er i strid med gang/sykkelveg, hovudveg og samleveg i kommunedelplanen eller er oppheva av nyare reguleringsplanar.
- Reguleringsplan for Borgund bustadfelt, godkjend 25.06.87. (kommunedelplan Steinklepp)
- Reguleringsplan for Saltkjelen bustadfelt, stadfest 20.04.78. (kommunedelplan Ljøsne)
- Regulerings- og disposisjonsplanar for hytteområde - i den grad det går fram av punkt 5.1,D nedanfor.

5.1 BYGGJEOMRÅDE

- A. Utbygging kan ikkje skje før kommunikasjons-, vassforsynings-, avlaups- og elektrisitetstilhøva er tilfredstillande (20-4.b).
- B. Krav om reguleringsplan (20-4.a):

I følgjande område kan arbeid og tiltak som nemnt i plan- og bygningslova sine pgr. 84, 86a og 93 eller frådelling til slike føremål ikkje finna stad før områda går inn i godkjend reguleringsplan.

- Lærdalsøyri - heile området innafor kommunedelplanen.
 - Kommunedelplan Tønjum - område B (nytt bustadfelt)
 - Kommunedelplan Erdal - i område B, FR og O, (bustadfelt m.m)
 - Kommunedelplan Sælto - Stavkyrkja - område A/T
- C. Bygningar og andre tiltak i område A/T (kommunedelplan Sælto - Stavkyrkja) må tilpassast stavkyrkja og kulturlandskapet i kring.(20-4.b)
 - D. Plankrav vedk. hytteområde (20-4.a og b):
 - Utbygging eller frådelling i dei nye hytteområda på Filefjell, i Vindedal Og H1/H2 innafor kommunedelplan Sluppen, føreset godkjend utbyggingsplan etter pg. 28-2 i plan- og bygn.lova.

- I dei andre avmerka hytteområda skal utbygginga skje i samsvar med tidlegare godkjende/stadfeste disposisjons- eller reguleringsplanar, men likevel ikkje i strid med pkt.E nedanfor.

E. Hytter i områda nemnt i pkt.D skal ha slik utforming (20-4.b):

- Brutto grunnflate maks. 85 m² pr. tomt. I tillegg kan gjevast løyve til eitt mindre uthus
- Mønehøgde maks. 5,5 m
- Saltak med vinkel mellom 22 og 40 grader
- Taktekking i torv, tre eller på annan måte tilpassa tradisjonell byggeskikk.
- Fasadekledning i tre.

F. Tal på hytter i dei nye felta innanfor kommunedelplan Sluppen:

I område B1 skal det vera maks 15 hytter og i område B2 maks 10.

5.2 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

(JF. DESSUTAN 4.0, RETNINGSLINER FOR SPREIDD UTBYGGING)

A. I eller knytt til kvart stølsområde kan det opnast for ei avgrensa hyttebygging.(20-4.c)

Ved slik utbygging skal det takast spesielt omsyn til den gamle stølsgrenda. Tal på nye hytter og plassering og utforming av desse skal tilpassast stølsgrenda.

Dersom verneomsyn tilseier det, kan dei nye hyttene plasserast i ei samla eining noko borte frå stølen.

B. Hytter som nemnt i pkt. A skal ha slik storleik og utforming (20-4.b):

- Brutto grunnflate maks 65 m² pr. tomt. I tillegg kan gjevast løyve til eitt mindre uthus
- Mønehøgde maks. 5,0 m
- Saltak med vinkel mellom 22 og 40 grader
- Taktekking i torv, tre eller på annan måte tilpassa tradisjonell byggeskikk.
- Fasadekledning i tre.

C. Bygningsrådet kan krevja utbyggingsplan etter pg. 28-2 i plan og bygn.lova som grunnlag for frådelling/bygging i samsvar med pkt. A (20-4.c)

D. Ut over det som er nemnt i pkt. A, er det ikkje høve til bygging av hytter/fritidshus (20-4.e)

5.3 OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING

A. Før uttak av massar i område G1 (Mosoddane, kommunedelplan Ljøsne) kan ta til, skal det liggja føre godkjend reguleringsplan.

**REGULERINGSPLANAR GODKJENDE ETTER 04.12.91:
(oversyn ajour pr. 30.03.95)**

Lærdalsøyri Syd - godkjend 20.12.91, sak 89/91

Grandane (m.a. riksvegtrase) - godkjend 20.12.91, sak 90/91
(delvis avløyst av plan for Ytre Grandane og Habben og plan for Indre Grandane og Sentrum nord, jf. nedanfor)

Ofta Vest - godkjend 20.12.91, sak 91/91

Raudberg - godkjend 17.12.92, sak 139/92

Massedeponi Tynjadalen - godkjend 30.06.94, sak 65/94

Tunnelpåhogg Håbakken - godkjend 30.06.94, sak 66/94

Tynjadalsvegen - godkjend 15.12.94, sak 105/94
(reviderte føresegner godkj. 16.02.95, sak 002/95)

Ytre Grandane og Habben - godkjend 16.02.95, sak 011/95
(avløyste plan som vart godkjend 20.01.93)

Indre Grandane og Sentrum nord - godkjend 30.03.95, sak 023/95